

## VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING – ÅRAMSUNDET NÆRINGSOMRÅDE

På bakgrunn av vedtak i kommunestyret 25.10.21 (saksnr: KO-106/21) og i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §12-8 varslar Vanylven kommune med dette oppstart av detaljregulering av Åramsundet næringsareal. Planen blir utarbeidd i samsvar med pbl §12-3 og §12-10. Norconsult AS er innleigd som planrådgjevar.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for å fylle ut i sjøen og utvikle eit opp til 250 mål stort næringsområde. Tiltaket skal legge til rette for sjønære næringsstomter og kaiplassar.

### Planstatus

Området er ikkje regulert tidlegare. Området er i gjeldande arealdel til kommuneplanen avsett til offentleg og privat tenesteyting, men skildra som næringsområde i planomtalen. Vanylven kommune vurderer på bakgrunn av dette at detaljregulering vil vere i samsvar med kommuneplanen.

I den Interkommunale kystsoneplanen for Søre Sunnmøre 2022-2027, som ligg ute på offentleg ettersyn med høyringsfrist 28. januar, er sjøområdet rundt Åram foreslått avsett til hamneområde i sjø, småbåthamn, friluftsområde i sjø og eit kombinert formål for fiske, ferdsel, natur og friluftsliv. Behovet for samordning mellom desse to planane vert vurdert før vedtak.

### Krav til konsekvensutgreiing

Vanylven kommune vurderer på bakgrunn av *Forskrift om konsekvensutredningar* §10 at tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø- og samfunn blant anna for kartlagte marine naturtyper i området. Tiltaket utløyser ikkje krav til planprogram (jf. vedlegg I i *Forskrift om konsekvensutredningar*, men fell i tillegg til §10 inn under kriteriene i vedlegg II punkt 10 e) og k) samt punkt 11 j) og k). Forholda som innleiingsvis er identifisert for konsekvensutgreiing er: trafikk (på land og sjø), marinbiologisk naturmangfald, friluftsliv og landskapsverknadar. Det må i tillegg vurderast om grunnforholda elles gir behov for særskilte omsyn.

### Planprosess

Dette er i fyrste omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse innan **12.02.2022**. Innspel til planarbeidet merkast med «Detaljregulering Åramsundet» og sendast enten som brev til Vanylven kommune, Rådhusvegen 1, 6143 Fiskå eller med e-post til: [postmottak@vanylven.kommune.no](mailto:postmottak@vanylven.kommune.no).

Kontaktperson hos Vanylven kommune er kommunalsjef teknisk Helge Kleppe, tlf: 70030071.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Synste Møre, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentleg ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.